



**Hyttebuarane på Skorpo blir stadig fleire og dei får det stadig trivelegare og meir bekvemt. Men det er krevjande å bu på ei øy og utfordringane er mange for feriefolket som held til der meir eller mindre delar av året.**

Såleis har det i dag vore ein transport på gong frå Sandakaien over Storsundet med ein av bustadane på Uskedalsida som mål. Det var ei utfordring å få med fleire digre kolli i båten, men det gjekk bra og Johannes Hauge, Terje Hauge og Johannes Bisheim gjorde ein bra jobb.

Kva dei eigentleg frakta over sundet?

Dei var svært så hemmelegheitsfulle, men vi fekk lov til å skriva at gjenstanden vil vera til glede for alle!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen